



MØTEBOK

Møte: 2-2019
Møtedato: Onsdag 20.03.2019
Møtestad: Viefluno, Rådhuset
Tid: 19.00

Desse møtte:

Roald Stautland, Asbjørn Gundersen, Sammy Olsen, Trygve Totland, Berit Hallaråker, Mona Ingvaldsen Hodne, Solfrid Lønning, Odd Kåre Sakseid, Per Harald Gjerde (2. vara Moster) og Trygve Leigland.

Desse møtte ikkje:

Elin Taranger (2. vara Per Harald stilte)
Elisabeth Bjørnevik

Roald Stautland leia møtet. Solfrid Lønning hadde ord for kveld.

Innkalling og saksliste vart godkjend.

2019-02-01 GODKJENNING AV MØTEBOK

Møtebok 1 – 2019 vart godkjent.

2019-02-02 MELDINGAR OG SKRIV

1. Det vart informert litt om dei nye klokkarane som er tilsett. Linda Tufteland vart tilsett som klokkar, kyrkjetenar og reinhaldar i 44% stilling i Bømlo kyrkje frå midten av februar. Svanhild gjeikk som følgja av dette ned 29% knytt til reinhald i Bømlo sokn. Hildegunn Anddal er frå 1. april 2019 tilsett som klokkar i Bremnes kyrkje.
2. Bømlo kyrkjelege fellesråd fekk innvilga søknad om ekstra diakonimidlar. Bispedømet vil i 2019 – 2021 gå inn med 50% stilling inntil 400 000,- per år. Fellesrådet ber kyrkjevevja komme med eiga sak til neste møte i forhold til økonomi, organisering m.m.

2019-02-03 ÅRSREKNESKAP 2018

Det vart gjeve ein kort presentasjon av rekneskapen for 2018, med vekt på nokre spesiell moment. Feilbudsjettering på pensjon og arbeidsgjeveravgift var markant i 2018, og London-tur viser også igjen på aktiviteten.

Vedtak:

Bømlo kyrkjelege fellesråd godkjenner rekneskapen for 2018 med atterhald om at revisjonen ikkje har merknader.

Rekneskapen er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 107.846

Fellesrådet vedtek at overskuddet (107.846) skal førast til disposisjonsfond.

2019-02-04 VEDLIKEHALDSSAKER 2019

Prioriteringslista for vedlikehaldssaker vart drøfta, men fellesrådet gjekk samla inn for føreslege vedtak.

Vedtak:

Bømlo kyrkjelege fellesråd vedtek retningsgivande prioriteringsliste for vedlikehaldssaker over driftsbudsjettet.

Prioriteringslistene ligg som vedlegg til slutt i møteboka.

2019-02-05 OPPFYLLING AV GRAVFELT D PÅ LYKLING + MINNELUND

Det vart orientert kort om korleis ein ligg ann i prosessen og kva som er vegen vidare.

Vedtak:

Bømlo kyrkjelege fellesråd vedtek å gi kyrkjevevje og fellesrådsleiar mandat til å framforhandle og inngå avtale med utvalt entreprenør.

Opsjon på oppfølging av prosjektet pålydande 60 000,- vert erklært til Landskapsarkitekten AS.

Bremnes, den 10. april 2019

Roald Stautland
leiar

Trygve Leigland
kyrkjevevje